

## 2.0 Behandle melding og rekneskap frå lokallagsstyret

### Årsmelding - Øygarden lokallag 2023

Melding om lokallagsverksemda



#### Medlemsstatistikk

Tal medlemmer	Pr. 23.02.23
Lokallaget	1274
Medlemsgruppe, barnehage	257
Medlemsgruppe, grunnskule	600
Medlemsgruppe, vidaregåande opplæring	78
Medlemsgruppe, FAS	44
Medlemsgruppe, UH.	0
Av desse leiarmedlemmar	92
Av desse medlemmer i private barnehagar/skular	112
Medlemmar utan medlemsgruppe	37
Pensjonistar	258

#### Styret

Namn	Verv	Eventuell frigjering betalt av:	
		Organisasjonen	Arbeidsgjevar
Aud Karin Oen	Leiar	100%	
Cathrine Olsen	Nestleiar		
Vibecke Hodnekvam	Styremedlem/HTV/ kasserar	10%	
Hege Beate Hagen	Styremedlem		
Lars Kvalem	Styremedlem		
Merete N. Ingebrigtsen	Styremedlem		
Christel L. Brown	Styremedlem		
Hallgeir Dale	Styremedlem		
Renate Fagerbakke	Leiarrepresentant		

Jannicke Økland	Styremedlem		
Cathrine Olsen	Styremedlem/HTV		
<b>Vararepresentantar til styret:</b>			
Renate Brekken			
Kristina Andreassen			
Franziska Grutte			

### Hovudtillitsvalte

Namn	Verv	Frikjøp betalt av:	
		UDF	Arbeidsgjevar
Vibecke Hodnekvam	HTV		80%
Vibecke Hodnekvam	Kasserer	10%	
Jane Føllesdal	HTV		60%
Jane Føllesdal	Organisasjonsfrikjøp	20%	
Cathrine Olsen	HTV		60%
Jannicke Økland	Vara HTV		
Kari Lønningen	Vara HTV		

### Andre tillitsverv

Namn:	Verv:
Cathrine Olsen	Medlemsråd Barnehage
Bjørn Lie	Medlemsråd Pensjonist
Merethe Nygård Ingebrigtsen	Medlemsråd FAS
Sølvi Anita Schei	Leiarråd

### Tillitsvalde på arbeidsplassane

Namn på arbeidsplass	Namn på tillitsvald
Stranda Skule	Elisabeth F: Hummelsund
Skålevik Skule	Birthe Foldnes
Bjørøy Skule	Karianne H. Bergerud
Landro Skule	Lisbeth Kvalheim

Knappskog Skule	Marianne T. Pettersen
Øygarden Ungdomsskule	Torkil Brigtsen
Sund Ungdomsskule	Rigmor Braathen
Vaksenopplæringa	Hallgeir Dale
Ågotnes Skule	Kristine Angeltveit
Rong Skule	June Beth Wenberg
Ulveset Skule	Nina Gregersen
Tjeldstø Skule	Gunn Kleppestø
Hjelteryggen Skule	Andreas Aanestad
Toftøy Skule	Hege Misje
Skogsvåg Skule	Line Eide Storesund
Brattholmen Skule	Janicke Økland/Bergljot Gjedrem
Spildepollen Skule	Sølvi Helen Toft Bakke
Kolltveit Skule	Linda Vanek
Fjell Ungdomsskule	Harald Lunde
Tranevågen Ungdomsskule	Siw Nancy Fjæreide
Foldnes Skule	Åsta K Kaspersen
PPT	Kari B Stadsnes
Sotra Vidaregående Skule	Hege Beate H.. Hagen
Bjørøy Barnehage	Stine-Beate Eriksen
Hamramyra Barnehage	Maren Årvik
Klokkarvik Barnehage	Silje Therese Eikeseth
Knappskog Barnehage	Endre Aleksander Flølo
Leirstaden Barnehage	Stine Gjesdal Rødsand
Liljevatnet Barnehage	Therese Algrøy Svidal
Marihøna Barnehage	Kari Lønningen
Skogsvåg Barnehage	Renate Brekken
Spildepollen Barnehage	Britt-Lise Ekerhovd
Stranda Barnehage	Franziska Grutte
Straume Barnehage	Mona Christiansen
Terna Barnehage	Anita Hellebø
Tussetjødna Barnehage	Stine Gjesdal Rødsand
Ulveseth Barnehage	Ann Christin Rambjør

Ågotnes Barnehage	Helene Fjæreide Pfeiffer
Spesialpedagogane	Nicole Schmidt
Havhesten Fus Barnehage	Silje Kristin Graave
Blomvåg Barnehage	Sara Elise Guntveit Siljuholtet
Kårtveitpollen Barnehage	Silje Kristine Thomassen Moe
Læringsverkstedet Barnehage Aronien	Lene Kurseth
Læringsverkstedet Barnehage Straume	Julie Andora Wilhelmsen Silnes
Læringsverkstedet Barnehage Valen	Nina Hjort
Eventus Sartorlunden	Pernille Takle
NLM barnehage Toftøy Barnehage	Elise Emma Kvam
Naustvika Barnehage	Veronica Iversen
Sauafjellet FUS Barnehage	Lisa Henriette Valland
Ulven Naturbarnehage	Janniche Rebnord

## **Arbeid etter retningslinene**

### ***1. Utdanningsforbundet Øygarden skal vere ei sterk og solidarisk fagforeining.***

#### **1.1 Organisasjonsbygging**

Me har kontakta arbeidsplassar utan AT eller kontaktperson. Desse er i dag utan tillitsvalde: Danielsen barne- og ungdomsskule, Langøy friluftsbarnhage, Læringsverkstedet barnhage avd. Gardstunet, Norlandia Svanevågen, Øygarden kommunale kulturskule og KFUM (open barnhage).

På facebookside vår legg me ut informasjon jamleg. Vi opplev at fleire og fleire medlemmar likar innlegg på side vår.

Lokallaga Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, har hatt eit godt samarbeid i årsmøteperioden. Me ser at det er nyttig å møtast og diskutera ulike utfordringar. Leiar og dei hovudtillitsvalde har møtt her.

Me er aktivt ute om hausten og oppfordrar ATV `ane om å driva verving av nye medlemmar.

Lokallaget har delteke på fylkesform saman med alle lokallaga i Vestland. Dette var ei samling for alle HTV og LL i alle lokallag. På samlinga vart det debattert og arbeida med Utdanningsforbundet sine politiske sakar. Lokallaget Øygarden la, saman med Utdanningsforbundet Askøy og Utdanningsforbundet Bjørnafjorden, fram ein resolusjon som omhandla utfordringar kring lokale forhandlingar. Denne vart lese opp, gjort greie for, debattert og forslaget til resolusjon falt i den form den ble presentert. Det vart likevel ut i frå denne resolusjonen forfatta eit felles skriv alle lokallaga støtta. Dette vart sendt vidare til sentralledet.

#### **1.2 Oppfølging av medlemsgrupper**

Lokallagsleiar og HTV har hatt månadlege AT-samlingar med skule, og omlag kvar sjette veke med barnhagane.

Me har delteke i klubbmøte når vi har blitt invitert inn. Leiarforum for skulemedlemmar og barnehagemedlemmar har hatt jamlege møte. Det har også vore temabaserte samlingar for leiarmedlemmane. Det har og vore møter med SFO leiarane. HTV og leiar vert invitert med på desse møta. Pensjonistane har oppretta eiga styre og har hatt nokre møter samt 2 medlemsmøter.

Rett før sommaren gjekk medlemmane i Utdanningsforbundet ut i streik i KS området. I historias lengste streik sto heile landet saman og kjempa for at vi ikkje skulle bli lønstaparar for sjette år på dag. HTV vitja streikekaféen til Bergen lokallag, der dei hadde med fruktkorg til dei streikande. 22. august var det streikemarkering på festplassen for alle i KS området og Utdanningsforbundet Øygarden stilte sterkt opp her. 5-7 september hadde vi stand med informasjon om streiken ved Sotratrappa, Rong senter og på Sund senter. Der delte vi ut flyers, informerte om streiken og steikte sveler. Både budskap og sveler vart teken godt imot.

19. september vart 48 medlemmar frå Sotra vidaregåande tatt ut i streik. Lokallagsleiar og nestleiar var med dei streikande på streikesamling i Bergen og lokallagsleiar haldt ein flott appell på Festplassen. Diverre gjekk staten inn og stansa streiken med tvungen lønsnemd 27. september.

17. oktober vart det streik på ny, denne gongen i barnehagane i PBL-området. Dette var ein streik Utdanningsforbundet sto i saman med Fagforbundet og Delta. Fleire hundre av våre medlemmar i barnehagar over heile landet gjekk ut i streik. I midten av november vart to av våre barnehagar, Toftøy og Blomvåg, tatt ut i streik. Vi streika for ein anstendig pensjon. Fylkesleiar Steinar Vegsund Strømsli vitja oppstartsmøtet.

Vi er utruleg takksame for dei medlemmane som sto i streik for oss alle saman.

### **1.3 Medlems-engasjement/rekruttering**

Alle dei tillitsvalde har fått materiell på AT- møta i byrjinga av året. I tillegg har me delt ut materiell ved vitjing på arbeidsplassane.

Påske- og julekonkurranse er gjennomført. Det førte til stor aktivitet på Facebooksida vår. Medlemstalet i lokallaget har auka, særst under streikane som har vore såg vi auke i medlemstala.

I september arrangerte vi quiz for medlemmane våre på Fryd, dette var ei kjekk oppleving og noko vi ønskjer å gjere fleire gongar.

Vi har gjennomført fleire medlemsmøter i haust der representantar frå fylket sto for det faglege innhaldet. Dei ulike tema var; den digitale kvardag for medlemmar i barnehage, læraren sitt rettsvern for medlemmar i skule og eit medlemsmøte om pensjon for alle medlemmar.

Utdanningsforbundet var på Kolltveit skule på planleggingsdagen 4. november med stand. Der informerte vi om Utdanningsforbundet, delte ut profileringsmateriell og hadde loddtrekning.

Barnehagedagen 15. mars og lærarens dag 5. oktober blei og markert.

#### **1.4 Skulering/kontakt med tillitsvalde på klubbnivå**

Tillitsvaltopplæringa går over 4 kurs for nye tillitsvalte. TV1 vart gjennomført av lokallaget i lokale på Rådhuset. Fylkeslaget har ansvar for den vidare skuleringa.

Det er låg terskel for at medlemmar kan ta kontakt med HTV eller leiar og førespurnader vert svara ut fortløpande. Hovudtillitsvalde og leiar møter på skuleringskurs som fylket arrangerer.

#### **1.5 Medraderett**

Lokallaget har i samarbeid med dei tillitsvalde medverka til at lov- og avtaleverk vert følgd og at medraderetten vert sikra i faste drøftingsmøte mellom partane på alle nivå. Her merkar me at ein må passe godt på, då det ved fleire høve vert sendt saker til politisk handsaming utan at drøftingsplikten er overhalden.

Lokallaget har prøvd å arbeide for et godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og tillitsvalte tufta på gjensidig tillit og respekt.

## **1.6 Profesjonsetikk**

Kvalitet i utdanningssystemet er avhengig av trygge profesjonelle etisk medvitne og fagleg kompetente yrkesutøvarar. Lokallaget har medverka til felles forståing av kva yrkesrolla inneber, tydeleggjort det etiske ansvaret som er nedfelt i lærarprofesjonens etiske plattform og me har støtta medlemmane og hjelpt dei til å handtera utfordringane dei møter i yrket.

## ***2. Utdanningsforbundet øygarden skal arbeide for gode løns- og arbeidsvilkår og gode arbeidstilhøve***

### **2.1 Tariff og forhandlingar**

Lokallaget har arbeid for at alle medlemar skal ha tariffavtale. Dette er ikkje udelt enkelt når einskilde private aktørar ikkje ønsker dette.

I kommunen har vi hatt ei lønspolitisk plan fram til september 2022. Den vart prolongert fram til april 2023. 01.05.23 vil ny revidert lønspolitisk plan føreligge.

Det var lokale forhandlingar hausten i kapittel 3 og 5. Lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5 føregår kvart år, medan lokale forhandlingar i kapittel 4 skjer dersom det vert sett av pengar i det sentrale oppgjeret i mai. Det skjedde ikkje i 2022. Utdanningsforbundet Øygarden er nøgd med resultat og gjennomføring av dei lokale forhandlingane i kapittel 3 og 5.

### **2.2 Arbeidstid**

Lokallaget har arbeidd for at gjeldande arbeidstidsavtalar vert følgd opp i praksis og at dei individuelle arbeidsplanane vert tufta på prinsipp etter drøftingar. Arbeidstidsavtale SFS 2213 for skule har no verknad frå 01.08.22 - 31.12.23. Lokallaget har sørga for at dei tillitsvalte har fått informasjon om endringane, samt vore i dialog med personalavdelinga om avtalen.



## **2.3 Ressursar**

Lokallaget skal arbeida for gode ordningar for ressurs til tillitsvalde både på arbeidsplassnivå og i lokallaget. Dei hovudtillitsvalde har 2 årsverk til fordeling i frikjøp frå kommunen skuleåret 2022-2023. Vi har vore i drøftingar for å få auke dette frikjøpet, utan å få gjennomslag.

Dei tillitsvalte i skule har nedsett 45 min pr veke til tillitsvaltsarbeid.

## **2.4 Arbeidsmiljø**

Lokallaget har arbeidd for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, både kommunalt og på den enskilde arbeidsplass. Dei Hovudtillitsvalte har eit godt samarbeid med hovudverneombodet. I Compilo, som er avvikssystemet kommunen nyttar, er det lite avvik meldt på låg bemanning, og den aukande valden som lærarar i barnehage og skule vert utsett for på jobb. Utdanningsforbundet jobbar aktivt for at medlemmane skal melde avvik. Vi veit at det er store mørketal og mange uønskte hendingar som ikkje vert dokumentert i Compilo. Eit godt og fungerande varslingsystem er viktig for å ha eit faktagrunnlag i møte med både administrasjon og politikarar. Dei private barnehagane har eigne avvikssystem som me ikkje har innsyn i.

## **2.5 Eit inkluderande arbeidsliv**

Lokallaget har arbeidd for at intensjonane i IA-avtalen (inkluderande arbeidsliv) vert følgd, og at kommunen sin politikk på området vert kjent på arbeidsplassane. HTV har hatt jamleg oppfølging av medlem som treng bistand og støtte i IA saker. HTV var medlem i Arbeidsmiljøutvalet fram til august 2022, og er no varamedlem der. I IA bransjeprogram for barnehagar er det fire Norlandia barnehagar med frå vårt lokallag.

## **2.6 Kompetanse**

Lokallaget har arbeidd for at arbeidsgjevar legg til rette for kompetanseutvikling både når det gjeld fag, utviklingsarbeid, metodikk og leing, og for at vikarar i skule og barnehage skal vera fagutdanna. Hovudtillitsvalte har jobba for at ein skal sende flest mogleg på vidareutdanning gjennom kompetanse for kvalitet i skule, og kompetanse for framtidens barnehage.

## ***3. Utdanningsforbundet Øygarden skal engasjere seg i samfunns- og utdanningspolitikk***

### **3.1 Barnehage- og skulepolitikk**

Lokallaget har arbeidd for at endringar som skjer i barnehagen, skulen eller i organisasjonsstrukturen i kommune eller fylke skal føra til betre arbeidstilhøve for medlemmane. HTV har vore kopla på omorganiseringa som vart gjort i administrasjonen før sommaren, etter sommaren var Utdanningsforbundet i streik og deltok dermed ikkje i heile prosessen Omorganiseringa vart ferdig september 2022.

Gjennom høyringssvar har me engasjert oss i utdanningspolitikk sentralt og lokalt. Lokallaget har arbeidd for at skule- og barnehageeigar tek ansvar for å følgja opp pedagogiske og økonomiske rammer som gir høve til å gje eit tilbod som svarer til det einskilde barnet/eleven sine føresetnader. Vi ser diverre at kommuneøkonomien og politkarane sine prioriteringar ikkje ligg til oppvekstsektoren slik Utdanningsforbundet Øygarden ønskjer og ser behov for.

### **3.2 Påverknad**

I samband med budsjettarbeidet har me kome med fleire innspel til politisk nivå og peikt på konsekvensar av politiske vedtak. Me har levert høyringssvar til budsjettet. Vi har hatt lesarinnlegg og fått pressedekning i lokalavisa. Utdanningsforbundet Øygarden har og sendt skriv direkte til politisk nivå om saker som me meiner dei bør ha våre innspel på.

Lokallagsleiar føl alle dei politiske møta. Lokallagsleiar og hovudtillitsvalte kalla dei ulike politiske partia inn til eit møte i samband med budsjettprosessen. Dette møte var gjennomført i samband med Fagforbundet. I tillegg har lokallagsleiar hatt møte med ordføraren der dei snakka om budsjett og dei politiske saker Utdanningsforbundet Øygarden er oppteken av.

### **3.3 Arbeidet i styret**

Det har vore godt og stabilt oppmøte. Styreseminaret som var planlagt i august, vart avlyst grunna streik i KS. I november/desember deltok lokallagsstyret på lokallagstyrekurs med Utdanningsforbundet Vestland. Dette var eit godt og innhaldsrikt kurs.

Dei hovudtillitsvalde og lokallagsleiaren har informert til styret om sitt arbeid. Arbeidsutvalet til styret (AU) førebur saker til styremøte.

Styret har ansvaret for arbeidet som føregår i lokallaget mellom årsmøta. I denne perioden har styret arbeidd med organisering og planlegging av arbeidet i lokallaget mellom anna:

Årsmøtesaker, økonomi, organisasjonssaker, orienteringssaker om m.a. HTV sitt arbeid, ulike medlemsgrupper og arbeidsplassar, streik og påverknadsarbeid i høve til politisk nivå. Styret har svart på høyringar som fylkeslaget ber om svar på. Utdanningsforbundet Øygarden skal vera ein sterk organisasjon med engasjerte medlemmar. Dette året har Utdanningsforbundet vore særleg synleg i lokal media, gjennom ulike lesarbrev og annonsekampanjar.

Arbeidet opp mot kommunen er enno prega av at det er ein ny kommune som ikkje har fått på plass alle strukturar og prosedyrar. Dei hovudtillitsvalde arbeider kontinuerleg for involvering og medverknad, på eit tidleg tidspunkt, i saker som vedkjem våre medlemmar. Dette er krevjande å få til og forbettringspotensiale i kommunen er stort. Utdanningsforbundet forventar meir av kommunen som ein profesjonell aktør.

### **3.4 Andre viktige saker lokallaget har arbeidd med**

Dei hovudtillitsvalde arbeider med medlemssaker og deltek i møte saman med medlem og arbeidsgjevar der medlem ønskjer det. Saker ein har jobba med opp mot arbeidsgjevar er mellom anna: harmonisering av lønn og arbeidstid, stillingskodar, lik forståing av tariffavtaler, vidareutdanning, rettleiing av nyutdanna, lønspolitisk plan, samfunnsdelen til kommunen, mogleighetsstudie ny skule på Vestsiden, bemanningsservice, lokale forhandlingar, framtidens skule, nedlegging av barnehage og skule. Vi har og vore deltakarar i ulike arbeidsgrupper, som til dømes BDO rapporten og nytt Oppvekstadministrativt støttesystem, .

HTV og lokallagsleiar har og gjeve bistand til medlemmar i personalsaker dette året. Personalsaker er tidkrevjande, og kan vera tunge å stå i, men det er ein viktig del av den støtta medlemmane skal ha frå Utdanningsforbundet.

## ***4. Medrårderett***

Saker som har vore drøfta med arbeidsgjevar:

Budsjett/ressursfordeling skule, vidareutdanning, digital undervisning, ulike medlemssaker, skulerute, lønspolitikk, rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar og lærarar, ferie, ulike godgjeringsar (klede, funksjonstillegg, telefon, bil, løn mm), kompetanse, nedtrekk i

barnehage og skule, ulike tariffmessige forståingar, evaluering av kommunalsjefsområdet organisasjon og økonomi og oppvekst, betalt/ikkje betalt lunsj, leiarressurs barnehage og skule, samanslåing barnehagar, nedlegging av skule og barnehage, koronaavtalen, SFS 2213 mm

## ***5. Representasjon***

<b>HTV har vore/er representert i følgjande utval/komitear</b>	<b>Namn på representant</b>
Administrasjonsutval	Vibecke Hodnekvam
Arbeidsmiljøutval	Vara Vibecke Hodnekvam
AU til arbeidsmiljøutvalet	Vara Vibecke Hodnekvam
Kommunedirektøren sitt samhandlingsteam	Vibecke Hodnekvam
Flyttegruppe i kommunen	Vibecke Hodnekvam
Moglegheitsstudie ny skule	Vibecke Hodnekvam
Framtidas SFO	Vibecke Hodnekvam
Drøftingsmøter og trepartsmøter BUFT	Vibecke Hodnekvam
Trepartsmøter Tryggleik	Vibecke Hodnekvam
Trepartsmøter Personal	Vibecke Hodnekvam
Blomvåg skule og nedlegging	Vibecke Hodnekvam
Resurssfordelingsgruppe	Vibecke Hodnekvam
Harmonisering Stillingskoder skule	Vibecke Hodnekvam
Arbeid med medlemssaker opp mot medlem, mail, telefon, møte, tillitsvalte mm	Alle
Arbeid med medlemssaker opp mot einingar, kommunalsjefar og personal	Alle

Medlemsmøter på arbeidsplass	Alle
Personalsaker	Alle
Drøftingsmøter med Personal	Alle
Informasjonsmøter med Personal	Alle
Samarbeidsmøter med personal	Alle
Pulsmøter i skole og barnehage	Alle
Lokale forhandlingar	Alle
Leiarsamlingar	Alle
Trepartsarbeid Oppvekst	Alle
Informasjonsmøter Oppvekst	Alle
Drøftingsmøter Oppvekst,	Alle
Informasjonsmøte Kommunedirektør	Alle
Informasjonsmøte økonomi og organisasjon	Alle
Informasjonsmøter oppvekst	Alle
Arbeidsavtaler	Alle
Stillingsgruppe	Alle, byter ved behov
Skuleruta	Alle
Møter med tillitsvalde	Alle
Samarbeidsmøte Org. Dig,	Alle
Pulsmøter	Alle
Møte med personal ute i einingar	Alle
Streik KS	Alle
IA saker	Alle

Vidareutdanning, kompetanse for kvalitet	Vibecke Hodnekvam/Jane Føllesdal
Sterk autentisering	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Tilsetting i skule, vaksenopplæring, kulturskule, PPT, bibliotek, morsmål	Vibecke Hodnekvam/Jane Føllesdal
Ikt skule	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal,
Pedagogisk dig	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Læringsmiljø skule	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Pulsmøter Kommunalsjef/Rektorar	Vibecke Hodnekvam/Jane Føllesdal
Trepartsarbeid Organisasjon og Digitalisering	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Framtidas skule	Vibecke Hodnekvam/Jane Føllesdal
Handlingsplan mot vald og trugslar i skule	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Skuleleiarmøte	Vibecke Hodnekvam/ Jane Føllesdal
Reguleringsvanskar i skulen	Jane Føllesdal
IKT-nettverk	Jane Føllesdal
Arbeid med samfunnsdel	Jane Føllesdal
SFO kvalitetsplan/rammeplan	Jane Føllesdal
Pedagogisk Digital Ressursgruppe	Jane Føllesdal
Arbeidsgruppe oppfølging av tilstandsrapport skule 2020-21	Jane Føllesdal
Prosjektgruppe dokumentbibliotek Compilo	Jane Føllesdal
Pulsmøte kommunalsjef/styrar barnehage	Cathrine Olsen
Barnehageleiarmøte	Cathrine Olsen
Harmonisering leiarressurs Barnehage	Cathrine Olsen
Nytt oppvekstadministrativt støttesystem	Cathrine Olsen/Vibecke Hodnekvam

Vidareutdanning, Kompetanse for framtidens barnehage	Cathrine Olsen
Drøfting partsarbeid	Cathrine Olsen
Arbeid støtteressurs barnehage	Cathrine Olsen
REKOMP Ytre Midthordaland	Cathrine Olsen
Sjukefråværsprosjekt	Cathrine Olsen
Styringsgruppe BDO rapport	Cathrine Olsen
Revidering av gåvereglement	Cathrine Olsen
Kveldsmøte i barnehagar, reglement	Cathrine Olsen
Ressursstyring	Cathrine Olsen
Tilsetting i barnehage	Cathrine Olsen
Vaktordning bhg eigd av bustadstiftinga	Cathrine Olsen
Medlemsråd barnehage	Cathrine Olsen
Kompetanseløftet spesialpedagogikk og inkluderande praksis i skular og barnehagar – arbeidsgruppe	Cathrine Olsen/Jane Føllesdal
Handlingsplan mot vald og truslar i barnehagen.	Cathrine Olsen
Pilotprosjekt, ressurspedagogar i barnehage	Cathrine Olsen
Nedlegging barnehage	Cathrine Olsen
Arbeidsgruppe innkjøp	Cathrine Olsen
Streik PBL	Cathrine Olsen/Jane Føllesdal

## ***6. Deltaking på kurs og møte arrangert av lokallag eller fylkeslag.***

Tal møte	Kurs / møte	Arrangør
3	Nettverksmøte	Lokallaga
8	Styremøte	Lokallaget
7	ATG	Lokallaget
1	TV1	Lokallaget
4	ATB	Lokallaget
1	Lokallagsstyrekurs	UDF Vestland
1	Fylkesforum	UDF Vestland
6	HTV	UDF Vestland
1	TV2	UDF Vestland
1	TV3	UDF Vestland
1	Storkurs (TV4)	UDF Vestland
10	Lokallagsleiar	UDF Vestland
2	Lokallagsleiar/nestleiar	UDF Sentralt

## ***7. Medlemsmøte i lokallag og medlemsgrupper.***

Leiarforum for skule har arrangert 2 møter i Leiarforum og 3 medlemsmøter der alle leiare og avdelingsleiarar var invitert med. HTV og lokallagsleiar blir invitert med på desse.

Lokallaget har arrangert medlemsmøte der pensjon var tema for alle medlemmane.

Hovudtillitsvalde og lokallagsleiar har vore på klubbmøter i barnehage og skule

<b>Valnemda:</b>	
Nils Arthur Amundsen	HVO, leiar av valnemda
June Beth Wenberg	Rong skule
Trine Omland	Øygarden ungdomsskule
Anne Mette Dreyer	PPT, FAS
Ellen Kvebæk,	Sotra vidaregåande
Silje-Margrethe T. Austevoll	Klokkarvik barnehage



<b>Vara:</b>	
Kari Stadsnes Berge	PPT, FAS
Britt- Lise Ekerhovd	Spildepollen kystbarnehage